

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda
postmottak@volda.kommune.no

12.10.2020

Ny arealdel i kommuneplanen – motsegn felt B111, Rotset

Vi viser til at formannskapet i møte 4.mai 2020 gjorde vedtak om å imøtekomme motsegnene frå Møre og Romsdal fylkeskommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Dette vil kunne føra til at det foreslåtte bustadområdet B111 på Rotset blir tatt ut av planen og regulert til landbruksformål som før.

Vi meiner klart at areala på Rotset også for framtida skal vera regulert til landbruksformål, slik at motsegnene må takast til følgje.

I det følgjande vil vi gjerne nevna / retta opp nokre opplysningar som vi meiner bør leggjast til grunn og følgja den vidare prosessen med handsaming av motsegnene:

1)Vi viser til at Miljøverndepartementet 22.3.2011 gjorde endeleg vedtak knytt til handsaming av motsegner til kommunedelplan for Volda sentrum. I vedtaket tok miljøvernminister Erik Solheim avgjerd om at areala på Rotset også for framtida skal vera regulert til landbruks-, natur- og friluftsområde og ikkje regulerast til byggeformål. No, mindre enn 10 år etter nevnte vedtak, er det omkamp om dei same areala. Vi kan ikkje sjå at føresetnadane for vedtaket i 2011 har endra seg slik at det kan vera grunn til å gjera endringar i reguleringsformål. Faktisk handlar dagens politiske signal om at det er viktigare enn nokon gong å ta vare på gode areal som kan brukast til matproduksjon.

2)Formannskapet og partane som handsamar motsegnene bør ha kjennskap til kven det er som fremmar synspunkt i saka. Etter det vi kjenner til står ikkje BNB Volda AS som eigar av gnr 30, bnr 2. Derimot har eigar av gnr 30, bnr 2 ein tinglyst opsjonsavtale med BNB Volda AS/Bjørn Barstad på eigeidomen. Dette bør vera ein del av dei grunnleggjande opplysningane i saka.

3)Vi minner om at eigeformsform, driftsform og grad av drift ikkje skal vera argument for omregulering til bustadformål. Derimot skal gardsdrift og matproduksjon vera ein viktig og integrert del av sysselsetjing og næringsverksemd i kommunen og skal klart ivaretakast gjennom arealdelen av kommuneplanen.

4)Det er behov for å klargjera kva som skal vera grunnlaget for berekning av folketalsutviklinga i kommunen. Vi får signal om at folketilveksten vil bli lavare enn det som har gått fram av planforslaget.

5)Vi saknar at det klart blir gjort greie for mulighetene for å kunne ta i bruk alternative areal, eksisterande omregulerte areal og eksisterande bygningsmasse inkl ombygging som alternativ til å omdisponera dyrka og dyrkbart areal.

Med helsing
JORDVERN MØRE OG ROMSDAL

Kolbjørn Gaustad

Atle Frantzen